



REFERAT

STYREMØTE I SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

Møtedato: Tysdag 24. september 2024

Tidspunkt: kl. 15.00, Saunesmarka

Styremedlemmer:

Anne Holstad - forfall

Christoffer Eiken

Camilla Storøy

Arnulf Goksøyr

Anne Marte Beitveit

Kjartan Grimstad

George Fulford

Frå administrasjonen møtte:

Dagleg leiar Andrea Øien Sæverud og økonomisjef Gunn Røyset

Sakliste – vedtakssaker:

SAK S34/24

Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner innkallinga og saklista

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjende innkallinga og saklista

SAK S35/24

Godkjenning av referat

Tilråding til vedtak: Styret godkjenner referatet frå sist styremøte.

Styrehandsaming:

Vedtak: Styret godkjende referatet

Sak S36/24 Budsjettforslag 2025 og økonomiplan 2025-2028

Sjå vedlegga:

- Budsjettforslag 2025
- Renovasjonsgebyr 2025
- Økonomiplan
- Økonomiplan samla

Budsjettet er utarbeidd med utgangspunkt i prognosen pr 30.6.24, som vart gjennomgått på sist styremøte. Dei viktigaste avvika mellom prognose og budsjett-24 på hushaldning, er knytt til auken i CO2-avgifta. Denne avgifta gir ein høgare varekostnad enn budsjettert. Det er venta høgare lønnskostnad enn budsjett pga høgt budsjetterte refusjonar, samt lågt budsjettert arbeidsgjevaravgift. Når det gjeld andre driftskostnader, er det særleg vedlikehaldskostnader både på bil som er høgare enn budsjettert.

Når det gjeld budsjett 2025, andre driftskostnader, er det tatt utgangspunkt i ein generell auke på 3%. Det er ellers lagt inn auka leasing knytt til sidelastar og krokobil, som er på budsjettet for 2024. Desse bilane er ikkje leverte enno, men skal kome seinare i haust. Det er også rekna inn leasingkostnad for andre nødvendige investeringer som i 2025 gjev ein auka kostnad på kr. 270.000.

Vedlikehald bilar er justert for høgare kostnader enn i budsjett 2024. Det er ellers gjort mindre justeringer på enkeltkontiar ut over den generelle auken på 3%

På lønnskostnader er det lagt inn ein generell auke på 4,6%. Det er ellers budsjettert med ei ekstra lærlingstilling. Det er også tatt omsyn til utbetaling av feriepengar som går mot balanseavsetning.

I utrekninga av sjølvkostfond som viser i økonomiplanen, er det brukt same rentesats på kalkulatoriske renter som ved siste årsskifte. Denne rentesatsen blir fastsett ein gong pr år (ved årsskiftet).

Det eine vedlegget viser ei utrekning på kva konsekvensar det føreslegne budsjettet vil ha for renovasjonsgebyret i 2025. Med dei innlagde føresetnadane, vil eit standardgebyr auke 7,8% i forhold

til 2024-gebyret. I utrekninga er det teke utgangspunkt i prognostisert negativt sjølvkostfond pr 2024. Utgiftene til å få dette i null, slik lovverket krev, er fordelt likt over dei fem komande åra.

Det er det venta at CO2-avgifta vil stige vidare framover. I budsjettet for 2025 er det lagt inn forventa auke på kr.350,- pr tonn. Dette utgjer totalt rundt kr.1.250.000 i ekstra kostnad for selskapet i 2025.

Totalt for både hushald, næring og slam, er det budsjettert med eit resultat før skatt på kr. 1.054.000 for selskapet.

Det er ikkje gjort endringar i økonomiplanen for 2026-2028, det legg vi inn i neste steg av arbeidsprosessen med budsjettet, etter første budsjett-drøfting i styret.

Tilråding til vedtak:

Styrehandsaming:

Vedtak:

- Styret ber om omsetningsauke på 7% på næring og 10% resultat i forslag til budsjett 2025.
Prisane på fraksjonar har auka vesentleg på papir/papp, og vi bør ta inn ei større omsetning både på hushaldning og næring
- Lage oversikt over auke på andre driftskostnader frå 2024 – 2025.
- Renteeffekten på kalkulatorisk rente vurderast nærare, og investering og sjølvkost må ajourførast i budsjett og økonomiplan. Gebyrauken leggst inn med utgangspunkt i null på sjølvkostfondet ved utgangen av økonomiplanperioden.
- Styret ønsker ei oversikt over positive og negative fraksjonar, kva kostar oss, kva gjev oss i tillegg inntekt ved sal av fraksjonar.
- Perioderegnskapet pr august ventast ferdig i løpet av neste veke

Sakliste – orienteringssaker:

Sak S37/24 Orienteringar

- Fagdag om eigarstyring i regi av Vest kontroll. Ettersende presentasjonen til styret
- Møte med Ulstein kommune om kommunalt næringsavfall. Adm. Skal å jobbe vidare med premissane for dette, jfr dom i ESA, info frå Samfunnsbedriftene.
- Branntilsyn i Saunesmarka 26/9 2024.
- Gjennomført 40-timerskurs i HMS for heile AMU.
- Teknisk utval i Ulstein kommune på orientering og synfaring i november.
- Lønnsoppgjeret. Forhandlingsmøte onsdag 25.9.
- Nytt lønssystem frå september: PayRoll

- Lønnsoppgjer dagleg leiar. Generell lønnsauke, styreformann har fullmakt frå styret til å slutføre dette innanfor dei rammene i årets lønnsoppgjer. Det er også gitt fullmakt til å gjere mindre lønsjusteringar i leiargruppa.
- Det vart elles drøfta i møtet:
Utarbeide sakliste til rep.skaps,møtet
Utarbeide årshjul for styret
Vurdere styringssystem fram mot strategimøtet i januar 2025

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinholdsværk, dato _____

George Fulford
styreleiar

Camilla Storøy
nestleiar

Andrea Øien Sæverud
dagleg leiar

Anne Holstad

Kjartan Grimstad

Anne-Marte Beitveit

Arnulf Goksøy

Christoffer Eiken